



# DEN NORSKE KYRKJA

## Aukra sokne- og fellestråd

Skogvegen 1 A  
6480 AUKRA  
Tlf: 71171540  
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no  
www.aukrakyrkje.no  
Org.nr.: 976997654

### MØTEREFERAT:

**Utval:** Aukra Sokne- og fellestråd (SFR)  
**Møtedato:** 1. september 2022  
**Møtetid:** 1840-2115  
**Møtestad:** Storsal, kyrkjelydshuset

### Desse medlemmer møtte:

Eva Beate Nybø, Rune Vågøy, Svein Løwe, Odd Arve Orten, Anne Beate Storbakk, Berit Marie Sporsheim og Kristian Finn Risung (6)

**Forfall:** Sissel Kvist, Anne Berit Oterhals Skrede og Arne Hjelmås (3)

**Varamedlem:** Peder Nedrelid (1)

**Kyrkjeverje:** Elizabeth Stewart Søvik var med til kl 19. Svein Løwe var valt til referent.

**Opningsord v/Peder**

## Møtereferat frå møte i Aukra sokne- og fellestråd 1. september 2022

### GODKJENNING (sak 35-22)

**A: Innkalling.** Innkallinga vart godkjend, men det kom ønske om at møteinnkalling vert sendt ut minst ei veke i førevegen, slik at medlemene får tid til å setje seg inn i sakene.

**B: Referat frå møtet 12. mai 2022 – versjon nr. 2.** Godkjend.

**C: Referat frå møtet 2. juni 2022.** Godkjend med merknad om at det vert ført inn kven som ikkje var til stades då vedtak om innkjøp av lydanlegg vart fatta.

### ENDRING AV MØTEPLAN FOR 2. HALVÅR 2022 (Sak 36 – 22)

Vedtak:

I og med at berre er trening til lysmesse torsdag 24. november, kan ein gjennomføre både soknerådsmøte og konfirmanttime same kvelden. Derfor blir møteplanen for 2. halvår beholden, slik den var vedtatt.

Når ein treng vara til eit AU-møte, kan ein ta ei ringerunde til medlemene i SFR og spørje om nokon kan stille som vara på eit møte.

### FRIVILLIG ARBEID – SITUASJON PR d.d. (Sak 37 – 22)

Vedtak:

1. Dersom det ikkje elder seg nokon frivillig til å ta over koordinering av minnesamvêr, vert drifta innstilt inntil vidare.
2. SFR inviterer til ein frivilligfest 29.09.22 (i staden for SFR-møte) for å prøve å auke talet på frivillige og auke aktiviteten i kyrkja.

3. Helge Kjøll blir oppfordra av SFR til å ta på seg redaktøransvaret for Kyrkjebladet i Aukra. Peder spør han.

### **KLOKKARTENESTE ( Sak 38 – 22)**

Vedtak:

Klokkarfunksjonen vert i første omgang tatt opp som tema på frivilligfesten 29.09.22.

### **ENDRING AV GUDSTENESTEPLAN – OFFER (Sak 39 – 22)**

Vedtak:

Dersom redaktør i Kyrkjebladet ikkje er på plass i haust, blir ofringa under gudstenesta 20. november til Misjonsprosjektet.

### **KONSERTAR – FØRESPØRSEL (Sak 40-22)**

Vedtak:

1. Dei tre som har søkt, får bruyke kyrkja etter avtale med kyrkjeverje. Dei må få vite om kvarandre.
2. Framtidige spørsmål om bruk av kyrkja vert godkjend av AU
3. Arrangøren får gratis leige av KLH/ Aukra kyrkje. Aukra sokn får 10% av billettinntektene.
4. Det vert utarbeidd instruks om bruk av kyrkje/ KLH til slike arrangement. (I instruksen bør det stå at det bør vere ein kyrkjetenar til stades under slike arrangement)

### **Orienterings- / døftingssaker (Sak 41-22)**

- **Brannsløkkingsanlegg – status.** Anbudspapira til brannsløkkingsanlegget i kyrkja låg ute på Doffin-basen i sommar utan at vi fekk respons. Derfor er dei lagt ut på nytt no med svarfrist 30. september. Det er lagt inn oppgradert vassleidning inn til sakristiet.

Møte slutt kl 21.15

Aukra 2. september 2022

Eva Beate Nybø  
Leiar  
(sign)

Elizabeth Stewart Søvik/Svein Løwe  
Sekretær/referent  
Tlf:468 40 719